



Referat Ekstraordinært årsmøte i Lærdal Golfklubb

Dato: 10.05.2026

Stad: Teams

Tid: kl. 19:01–20:00

SAKER

1. Stemmerett, tal frammøtte:

Teams viser at tal frammøtte var 15.

2. Innkalling og Saksliste

Innkalling og saksliste blei presentert og godkjent med 11 stemmer for og 4 stemmer mot. Det var eitt Merknadspunkt*.

* Merknadspunkt frå Ståle Øvstetun gjaldt at Trackman skulle vore eige sak og ikkje i lag med budsjett.

3. Konstituering

- **Møteleiar:** Petter Lossius
- **Dirigent/Teams:** Per Åke Evjestad
- **Referent:** Simen Øren
- **Signatur 1:** Erling Aarethun
- **Signatur 2:** Jonas Dvergsdal

4. Handsame Budsjett Lærdal Golfklubb 2026

Petter Lossius la fram og gjekk gjennom budsjettet i tråd med sakslista.

Det blei stilt spørsmål til enkelte utgiftspostar og av meir generell natur, her merka 4a, 4b etc, som blei svart opp og grunngjeve.

4a. Trackman-simulator – totalbudsjett og drift

Per Åke Evjestad presenterte totalbudsjett for Trackman-simulator i Lærdal, samt estimert driftsresultat.

Det blei opna for spørsmål til talmaterialet, men det kom ingen spørsmål eller kommentarar.

4b. Drift vidare ved eventuell nedlegging av klubb

Det blei stilt spørsmål om kva som vil skje med drift og eventuelle overføringar av eigedelar ved ei eventuell nedlegging av klubben.

Styret svarte at klubben i så fall kan driftast vidare som idrettslag, og at utstyr eventuelt



kan seljast for å skaffe kapital.

Styret presiserte at det per i dag ikkje ligg føre nokon intensjon om nedlegging, og at fleire prosjekt er under arbeid.

4c. Vedtak – drift av simulator

Oppstilling i framlagt budsjett er organsiert for at Lærdal Golfklubb kan drifte simulator i Lærdal på same måte som driving range i Øvre Årdal, med eigen konto. Konto er alt oppretta for Simulator Lærdal.

Vedtak Sak 4, Budsjett for Lærdal Golfklubb 2026:

Forslag om å godkjenne budsjett blei vedteke med 11 stemmer for og 4 stemmer mot.

Informasjon Vidare om to Prosjekt

Det blei informert om:

- potensiell oppgradering av driving range
- mogleg etablering av 6-hols bane i Utladalen
- nytt framdrift i baneprojekt i Lærdal

Medlemmar presiserte viktigheita av å vere varsam med å køyre fleire prosjekt parallelt.

Styret svarte at det no berre blir gjort vurderingar av moglegheiter, og at vidare beslutningar vil bli tekne på eit seinare tidspunkt.

Det blei stilt generelle spørsmål, men ingen debatt.

Møtet blei heva kl 20:00

Lærdal 11. mai, 2026

Referent Simen Øren

Signatur 1, Erling Aarethun

Signatur 2, Jonas Dvergsdal